Notat om undervisninga i

Exploring the Norwegian Legal Culture

for utanlandsstudentane ved Det juridiske fakultet, UiB

skrive av førelesar professor dr.juris Jørn Øyrehagen Sunde

Det vart i år for fyrste gong haldne introduksjonsførelesingar om den norske rettskulturen for utanlandsstudentane ved Det juridiske fakultet i Bergen. Førelesingane strekte seg over 4 x 45 minutt, fordelt på to dagar med førelesing mellom 12.15 og 14.00. Samla sett møtte om lag 2/3 av utanlandsstudentane kvar av dagane, med ein svært liten variasjon av kven som møtte dei to dagane.

Førelesingane var bygde opp slik at fyrst vart det gjeve ein heilt kort introduksjon til norsk politisk historie, før ein utforska den norske rettskulturen gjennom å bruka den rettskulturelle modellen. Det vil seia at ein fyrst byrja med å forklara korleis norsk konfliktløysing fungerer i dag. Det at ein i Noreg har eit stringent domstolshierarki med bare ein øvste domstol, ein øvste domstol utan spesialiserte kammer som dømer i særlege rettsområde, som har full handsaming av saka, som publiserer dommen med dissensar, er alt informasjon som vekker studentane si interesse fordi det er så ulike det dei kjenner frå eige land. Så vert den norske rettshistorie brukt for å forklara tilstanden i dag. Deretter gjer ein det same for kvart av dei andre tema: normproduksjon, rettferdsideal, juridisk metode, profesjonalisering og internasjonalisering.

Samla sett får ein då ein inntrykk av den norske rettskulturen. Like viktig er at ein får ein skapt eit kunnskapsområde hos kvar student, som vedkomande seinare kan lagra ny informasjon på, og slik vert sett i stand til å føreta ein kontinuerleg og stadig meir brei og inngåande komparasjon med eige lands rett.

Førelesingane vart godt motteke, noko både oppmøte andre dagen og evalueringane viser. Men som førelesar opplevde eg det som ei stor utfordring å få passa eit så stort tema inn i ei fire timar lang førelesing. Dette var noko som òg er nemnt i nokre av studenttilbakemeldingane. Eg vil difor be SU vurdera følgjande:

For det fyrste om å utvida timetalet frå 4 til 8 timar, og slik at ein køyrer førelesing frå 10.15 til 12.00 og 14.15 til 16.00 to dagar på rad. Dette er framleis lite i høve til eit så stort tema, men passeleg med tanke på at det er eit kurs som ikkje gjev *credits.*

For det andre om det er ønskjeleg å setja i gang ein prosess der ein lagar eit 10 *credit* stort kurs med The Norwegian Legal Culture som tema. Eksamensforma bør vera ein munnleg eksamen der oppgåva er å velja eit aspekt ved eigen rettskultur som ein samanliknar med den norske i løpet av ein 30 minutt lang eksamenssesjon med to sensorar. For eit mogeleg pensum på 395 sider, sjå vedlegg.

Jørn Øyrehagen Sunde
Bergen 15.09.2011

Velegg, mogeleg pensum:

- Jørn Øyrehagen Sunde, ”Champagne at the funeral - An Introduction to legal culture”, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 11-28
- Franz Wieacker, “Foundations of European Legal Culture”, *The International and Comparative Law Quarterly*, 1998: 1-29
- Mark van Hoecke og Mark Warrington, “Legal Culture, Legal Paradigms and Legal Doctrine: Towards a New Model for Comparative Law”, *International Comparative Law Quaterly*, 2002: 495-536
- Esin Örücü, “Law as Transposition”, *The International and Comparative Law Quarterly*, 2002: 205-223
- Jørn Øyrehagen Sunde,”The art of beeing artful - The complexity of the reception of law”, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 29-43
- Jørn Øyrehagen Sunde,”Civitas fundaretur legibus – Lawmaking in the making”, *Themis - Revista de Faculdade de Direito da UNL*, nr. 6 2003: 73-96.
- Jørn Øyrehagen Sunde,”Innovative Reception – Reception and Innovation Concerning Fixed Time Periods as a Criterion for the Acquisition and Loss of Rights in the Gulating Compilation”, *Liber Amicorum Ditlev Tamm - Law, History and Culture* (ISBN 978-87-574-2157-9), 2011: 217-229
- Eirik Holmøyvik, ”A little Bit og This and a little bit of That – the Complexity of Legal Reception”, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 45-59
- Jørn Øyrehagen Sunde,”Lost and found in Law – The Deaf and Dumb and wolffianism in Denmark and Norway in the 18th Century”, *Liber Amicorum, Kjell Å. Modéer* (ISBN 978-91-544-0364-6), 2007: 751-763
- Jørn Øyrehagen Sunde/Hans Fredrik Marthinussen, ”Notarius Publicus in Norwegian Legal History”, *Handbuch zur Geschichte des Notariats der europäische Traditionen* (ISBN 978-3-8329-4068-3), 2009: 463-481
- Jørn Øyrehagen Sunde,“Der organische Zusammenhang des Rechts”– How the reception of Savigny came to influence legal reception in Norwegian law in the 19th and first part of the 20th century, *Reforms of Civil Procedure in Germany and Norway*

- Jørn Øyrehagen Sunde, ”Daughters of God and counsellors of the judges of men – a study in changes in the legal culture in the Norwegian realm in the High Middle Ages” (to be published at Brill Publishing, ed. Stefan Brink) (48 sider i manuskript)
- Dag Michalsen, ”Ideologies of Roman Law in Norwegian and English Legal Science in 19th Century,” *Quaderni Fiorentini per la Storia del Pensiero Giuridico Moderno* 2006: 225- 253
- Jaakko Husa, Kimmo Nuotio, Heikki Pilajamäki, ”Nordic Law – Between Tradition and Dynamism”, Nordic Law - Between Tradition and Dynamism (ISBN 978-90-5095-706-9), 2007: 1-39
- Jans Smits, ”Nordic Law in a European Context; Some Comparative observations”, Nordic Law - Between Tradition and Dynamism (ISBN 978-90-5095-706-9), 2007: 55-64
- Nina-Louisa Arold, ”The Melting Pot or the Salad Bowel Revisited (again)”, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 61-75
- Christian Franklin, ”The Melting Pot or the Salad Bowel Revisited (again)”, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 78-96
- Bjarne Kvam, ”Communication and Technology as Agents for Legal Change, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 183-193
- Gjermund Mathisen, ”From Rendezvous to Relationship”, *Rendezvous of European Legal Cultures* (eds. Jørn Øyrehagen Sunde, Knut Einar Skodvin) (978-82-450-0840-1), 2010: 195-208